

Andre meiner

Kvifor vil ikkje Etne samarbeide om villaksen?

Etne Elveeigarlag ynskjer ikkje å samarbeide med oppdrettsnæringa om å styrke villaksen i regionen. I staden for å svare på næringa si vilje til å bidra med tiltak, arrangerer elveeigarlaget no eit propagandamøte. Etne Elveeigarlag har vore meir oppteken av å sverte oppdrettsnæringa enn å arbeide for villaksen. Ingen andre stader i landet er det slik motvilje mot å finne løysingar til beste for naturen og lokalsamfunnet.

Dei seinare åra har det vore nedgang i fangsten av villaks i ei rekke elver i landet. Dette gjeld både i område med oppdrett og i områder der det ikkje finst oppdrett. Vassdragsregulering, Gyrodactulus, laksefiske, drivgarnsfiske og forsuring er blant årsakene til nedgangen. I tillegg er effekten av klimaendringar og oppvekstvilkåra i havet rekna som nye trusselkotorar av forskarane. Desse trusselkotorane er ikkje oppdrettsnæringa si skuld, og heller ikkje noko næringa kan gjere noko med. Likevel rettar Etne Elveeigarlag all si innsats og skyts mot oppdrettsnæringa. Det er slett ikkje til det beste for villaksen, og kampen mot oppdrettsnæringa vil kunne gjera stor skade for næringslivet og sysselsetjinga i distriktet. Oppdrettsnæringa har svært høg kompetanse innan fiskehelse. Næringa har også vilje til å gjennomføre tiltak langt utover det som er naudsynt for oppdrettselskapet. Eit godt eksempel er Vosso, der oppdrettsnæringa saman med kommunar og lokale- og fylkeskommunale krefter har bidratt med finansiering og kunnskap i eit forsterkingsprosjekt som saknar sidestykke, og som i 2009 har resultert i utsetjing av 70-80.000 smolt i samarbeid med kommuner og lokale krefter.

Kva har så skjedd i Etne? Oppdrettarane i Hardanger og Sunnhordland hadde den

24. juni kontaktmøte med Etne Elveeigarlag for å diskutere kva som kan gjerast for å styrke villaksen i Etneelva.

Næringa la fram ei rekke idear til moglege tiltak samt vilje til å bidra med finansiering, og venta i spenning på svaret frå elveeigarlaget. Det kom ikkje. I staden sende elveeigarlaget eit brev til ulike departement, med kopi til presse, fiskeridirektorat og miljøvernavdeling, der dei krev at tiltak oppdrettsnæringa foreslo i møtet skal tvingast igjennom.

Dei er altså ikkje interessert i korkje dialog eller samarbeid. Fiskeridepartementet gav eit sakleg og fagleg godt svar, der fagfolka viste til dei mange årsakene til nedgangen i ein-skilde villaksstammer, og gav råd om samarbeid mellom alle interessantar i området.

Ifylgje ein artikkel i Grannar mandag førre veke resulterte svaret i «eit nytt og spissa brev frå Etne Elveeigarlag, der Vidar Børretzen gjer departementet merksam på at det ikkje føreligg noko samarbeid mellom villaksinteresser og oppdrettsnæring i regionen». Det er sant, men eit samarbeid er ikkje mogleg så lengje Elveeigarlaget ikkje ynskjer dialog om løysningar, men motarbeider næringa sine forsøk.

Det blir verre. Etne Elveeigarlag innkallar no til

«krisemøte» den 6. oktober der ein ifylgje programmet mellom anna skal diskutere

løysingar for Hardangerfjorden. Kven vil dei diskutera med? Dei har ikkje ein gong bedt om innlegg eller forklaring frå ein einaste representant for oppdrettsnæringa, som sit på statistikk og har betydeleg kompetanse på tiltak. Det er ikkje eit krisemøte, det

er eit møte for å gje inntrykk av krise.

Etne Elveeigarlag gjev oppdrettsnæringa all skuld for nedgangen i årets fangst i Etneelva, og meiner problema med krepsdyret lakselus og rømming av oppdrettsfisk er hovudårsaka. Rømming og lakselus er dei to områda der oppdrettsnæringa påverkar villaksen negativt, og difor dei to einaste områda som skal «diskuterast» på propagandamøtet den 6. oktober, ifylgje programmet.

Korleis er så situasjonen med rømming og lakselus? Mykje betre enn tidlegare år. Rømming har blitt sterkt redusert dei seinaste åra (rundt 90 prosent nedgang på landsbasis frå 2006) som følgje av betre rutinar og store investeringar i nytt utstyr. I Hardangerfjorden og Hjeltefjorden var det svært lite lus under villaksens utvandring våren 2009, og langt under testane i 2008, viser testar utført av Havforskningsinstituttet (Havforskning snytt nr. 6-2009).

«Etne Elveeigarlag har ikkje ein gong bedt om innlegg frå oppdrettsnæringa»

Forureining er heller ikkje ei avgjerande årsak. Ifylgje Statens forureiningstilsyn fell Hardangerfjorden i tilstandsklasse 1, «svært god vasskvalitet». Nedgangen i fangst i elvene i år er fordelt over store deler av landet, også i områder som Tana og Alta der det knapt er oppdrettsanlegg. Er så nedgangen i Etneelva i år den siste av ei lang rekke dårlege år? Nei. I rapport frå Direktoratet for Naturforvaltning si ekspergruppe som gjev råd om laksforvaltning, er konklusjonen for Etnevassdraget i 2008 fylgjande:

«Etne, Hordaland. Kategori 5a Moderat/lite påvirket. Gjennomsnittlig sannsynlighet for oppnåelse av gytebestandsmål siste fire år: 94 prosent. Gjennomsnittlig prosentvis oppnåelse siste fire år: 99 prosent. Forvaltningsmål: Nådd. Råd om beskatning: Beskatningen for denne bestanden framstår som bærekraftig og det er ikke nødvendig med ytterligare tiltak for å redusere beskatningen.»

Det ser ut til at konfrontasjonslinja har gjeve god effekt for einskilde elveeigarlag i Hordaland. Medan andre delar av landet får ei moderat auke i matproduksjonen frå havbruk neste år, ligg det i Hardanger og Sunnhordland an til ei raseiring som i verste fall kan koste næringslivet i regionen fleire hundre millionar kroner i året og medføre nedlegging av ei rekke arbeidsplassar, også i leverandørindustrien lokalt.

Konsekvensane av utkastet til Hardangerfjordforskrifta for lokalt næringsliv og talet på arbeidsplassar er så enorme at alle burde vera interesserte i ein brei diskusjon basert på fakta og vilje til løysing. Alle burde også vera interesserte i eit felles løft for villaksen.

Taparane av den einsretta propagandaen frå elveeigarlag er lokale bedrifter, tilsette i leverandørindustrien lokalt, samt villaksen.